

HUUS bokhandel a.s.

5610 Øystese

Høyrings svar for ny bokavtale, frå Huus bokhandel.

Viser til hovudprinsippa i forslag til ny bokavtale, som vi gir vår tilslutning til.

Vår bokhandel er ein typisk distriktsbokhandel som ligg i Kvam kommune, Hardanger. Kvam har om lag 8500 innbyggjarar, fordelt på fleire tettstader, der Øystese saman med Norheimsund utgjør dei to største. Det finst ein bokhandel i kvar av desse bygdene.

I Øystese finst eit gymnas, ein barneskule og ein ungdomsskule, med til saman om lag 600 elevar.

Når det no viser seg at Konkurransetilsynet langt på veg vil oppheve dei ordningar bokbransjen har hatt, m.a. med å sikre lik tilgang på all litteratur over heile landet gjennom lik pris, bokhandelens einereitt på sal av skulebøker, med den moglege konsekvens at mange distriktsbokhandlarar vert nedlagde og forsvinn, så vil vi i den samanheng uttrykkje vår bekymring både for distriktsbokhandelen spesielt, og for litteraturformidlinga og språket (nynorsk) generelt.

Bokhandelen vår har i alle dei 25 år han har vore driven, fungert som eit fagforum for skulane, følgt opp spørsmål og ytt den service som kort avstand mellom partane ofte gir. Bokhandelen har tilbydd lesarane all den litteratur som har kome, vore påpasseleg med at den nynorske litteraturen har fått sin rettmessige plass, og at han er på plass når han skal (skulebøker).

Butikken har lagt vekt på å vera ein kulturformidlar i vid tyding av ordet.

Det synest som om Konkurransetilsynet/Moderniseringsdepartementet langt på veg berre har tatt omsyn til vurderingar som gir rom for at dei frie marknadskreftene skal rå grunnen i bokbransjen. Dette kan i mange tilfelle gi verknadsfulle og positive utfall, men har og ein pris og ein biverknad, som i sum kan slå beina under det ein har oppnådd gjennom bransjens avtale mellom alle involverte paratar.

Slik vi ser det, vil det som Moderniseringsdepartementet no går inn for med sine krav til bokbransjen, få mange øydeleggande verknader. I alle fall om ein ikkje får på plass ein avtale, som ivaretek hovudprinsippa i forslag til ny bokavtale.

Vi skal peike på det vi ser kan bli resultatet for mange bokhandlarar i distriktet.

Skulebøker

Ved å miste skuleboksålet, som utgjør ein relativ stor del av vår omsetnad, ryk truleg det vi kan kalle vår økonomiske ryggrad. Med eit så pass stort volum som 600 elevar gir, seier det seg sjølv at utan dette salet, vil utfordringane for å overleva som bokhandel bli svært store. Konkurransen med dei store bokhandlane og fleire andre salskanalar vil vera vanskeleg å vinne. Vi ser at mange alt har prøvd seg, men til no har vi kunna tilbydd lik pris – og skulane/publikum har tydeleg vist at dei føretrekk den lokale fagbokhandel.

På papirsida har vi tapt leveringar til kommunen, sjølv om differansen i tilboda ikkje var særleg stor.

Vi må i alle fall få nok tid til omstilling, forhandla med forlaga etc.

Fastpris.

Faste prisar sikrar breidda i litteraturen. Fastpristida som det no er lagt opp til, er for kort – boka har lengre levetid enn 9 månader. Kva om ikkje Olav H. Hauge, Jakob Sande, Hans E. Kinck, bøkene til Hamsun m.fl., ikkje skulle vera tilgjengelege lenger enn desse månadane?

Billigboka har vorte meir og meir eit plussal i vår butikk. Den er eit godt satsingsområde, særleg i den rolegare tida av året. Den trekkjer nye kundar til butikken som er glad over å finne den boka dei hadde tenkt å lesa – til ein rimeleg penge. Prisen er alt låg, og å ”dumpa” prisane her vil redusera både utval og fortjeneste. I dag finst billigboka i fleire kanalar, der utvalet er smalt - og bestseljarfokusert.

Det vil vera bokhandelen sin styrke å ha stor breidde her og.

Nye salskanalar

Når andre kanalar opnast for bøker til nedsette prisar, vil bestseljartitlane finnast overalt, der bøker blir ei vare på linje med mange andre. Bensinstasjonar, daglegvarebutikkar m.fl. vil tilby desse – med stort volum i stablar, utan eit tilgjengeleg fagpersonale på salsstaden. Dette opplever vi i dag, ettersom vi ligg i eit butikksenter med ein daglegvarebutikk. Denne butikken skummar fløyten på nokre få titlar, medan ansvaret for resten av litteraturen må vi ta. Det blir ikkje heilt lett når det salet som skulle gi oss økonomi til det, forsvinn til butikkar som elles har fokus på alt anna enn litteratur!

Vi har gjennom dei 25 åra vi har drive bokhandel, tatt på alvor det som blir vist til i hovudprinsippa i Bokavtalen – m.a. det som gjeld dei nasjonale kulturpolitiske målsetjingane, nemnde i Stortingsmelding nr 48. Der står det noko om betydningen av å fremja den ålmenne interessa for litteratur og lesing, ved å tryggja flest mogleg tilgang til ny og eldre litteratur, det viktige ved å distribuere i veileigna kanalar, og betydningen av å auka omfanget, kvaliteten og breidda i bokproduksjonen.

Kva har så vår bokhandel gjort på desse områda?

Vi har laga egne program for skulane, der barnelitteratur i ulike utgåver har blitt presentert. Skuleklassar er blitt inviterte til vår butikk, der presentasjonen har føregått med bruk av mange verkemiddel. Etterverknaden har vist seg å bli sal på bøker vi vanskeleg ville fått utan denne innsatsen.

Forfattarbesøk har vi hatt mange av, med egne program og utstillingar - knytt til. Her har også den smale litteraturen fått rom, litteratur som elles knapt ville nå fram til ein lesar, om bokhandelen ikkje gjorde det vesle ekstra.

Ei lita bok om ei lita tilleggsnæring på ein gard på Vestlandet, kan tene som eksempel. Boka handlar om eit lite steinbrot, som folk på garden lage steinbryne av.

Vi laga her ei utstilling med gamle reiskapar knytt til gardsdrift, kledde opp nokre eldre kvinner og menn i tidsrette klede, serverte slåttemat - og let forfattaren fortelje. Vi fekk 40 personar innom vår bokhandel, og selde om lag like mange av desse småbøkene.

Hadde daglegvarebutikkane gjort noko tilvarane, bensinstasjonen? Ville kunnskapen om korleis desse enkle reiskapane, nyttige i ei svunnen tid – produsert som attåttnæring i eit lite bygdesamfunn blitt kjent for så pass mange?

Og vidare – kven skal gjera jobben med å få ut kunnskapen om dei mange gode barnebøkene, invitere skulane, lærarane?

Bokhandelen har vidare starta lesering, hatt litterære kveldsprogram, samla publikum til samtale rundt ei bok og ein forfattar.

Om målet er å få vekk distriktsbokhandelen, kvitta seg med den smale litteraturen og det fargerike mangfaldet, både i forlag og faglege salskanalar, og å undergrava nynorsken – ja, då er Moderniseringsdepartementet/Konkurransetilsynet på rett spor, og vil lukkast med det Men - er det denne utviklinga kulturnoeg ønskjer, der det berre er børs og atter børs som tel?

HUUS bokhandel a.s.

5610 Øystese

Marit Laupsa Huus